



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 40

(2003–2004)

## Om lov om endringar i einskilde lover som følgje av etableringa av Medietilsynet

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 12. mars 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

Då Stortinget handsama Innst. S. nr. 222 (2002–2003), jf. St.meld. nr. 17 (2002–2003), Om statlige tilsyn, vart det vedteke å slå saman Eigarskapstilsynet, Statens filmtilsyn og Statens medieforvaltning til eitt nytt tilsyn – Medietilsynet. Medietilsynet skal lokaliserast i Fredrikstad. Målet er at Medietilsynet skal vere operativt frå og med 1. januar 2005. I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om naudsynte lovendringar slik at Medietilsynet blir rett forvaltningsorgan i lovverket.

Dei tre institusjonane er nemnde i lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21, lov om kringkasting av 4. desember 1992 nr. 127, lov om tilsyn med erverv i dagspresse og kringkasting av 13. juni 1997 nr. 53 og i § 204 og § 382 i Almindelig borgerlig Straffelov av 29. mai 1902 nr. 10.

Kultur- og kyrkjedepartementet gjer framlegg om endringar i alle lovene. Framlegget inneber ingen materielle endringar i høve til gjeldande regelverk.

Framlegget til lovendringar har ingen administrative eller økonomiske konsekvensar.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i einskilde lover som følgje av etableringa av Medietilsynet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i einskilde lover som følgje av etableringa av Medietilsynet i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

# til lov om endringer i enkelte lover som følge av etableringa av Medietilsynet

### I

I Almindelig borgerlig straffelov 22. mai 1902 nr. 10 skal «Statens filmtilsyn» endrast til «Medietilsynet» i § 204 fjerde ledd og § 382 fjerde ledd.

### II

I lov 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram skal «Statens filmtilsyn» endrast til «Medietilsynet» i § 2 tredje ledd, § 4 første, andre og tredje ledd, § 5 tredje ledd, § 6 første ledd, § 7 første, andre og tredje ledd og § 12.

### III

I lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting blir det gjort følgende endringer:

«Statens medieforvaltning» skal endrast til «Medietilsynet» i § 2–1 fjerde ledd første punktum og sjettede ledd, § 4–3 første ledd, § 4–5 første ledd,

§ 4–6 første og andre ledd, § 10–2, § 10–3 første og andre ledd og § 10–4 første og andre ledd.

«Statens medieforvaltnings» skal endrast til «Medietilsynets» i § 2–1 fjerde ledd andre punktum.

### IV

I lov 13. juni 1997 nr. 53 om tilsyn med erverv i dagspresse og kringkasting blir det gjort følgende endringer:

«Eierskapstilsynet» skal endrast til «Medietilsynet» i § 5, § 6 første punktum, § 7, § 8 femte ledd, § 9 første og femte ledd, § 10, § 11 første og andre ledd, § 12 første og fjerde ledd, § 13 og § 14.

«Eierskapstilsynets» skal endrast til «Medietilsynets» i § 6 andre punktum.

### V

Lova trer i kraft frå den tid Kongen fastset.